



Vår dato:

07.07.2020

Vår ref:

2020/3104

Dykkar dato:

13.02.2020

Dykkar ref:

Øygarden kommune,
Ternholmvegen 2,
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

ØYGARDEN KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023, vedteke i kommunestyremøte 19.desember 2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Oppsummering av Fylkesmannens vurdering

Det er uvisst om netto driftsoverskot i budsjett 2020 er realistisk. Dette vil både vere knytt til budsjetterte inntekter og pårekna innsparing i budsjettet.

Kommunen har som ein handlingsregel ei målsetjing om at lånegjelda ikkje skal overstige 100 prosent av driftsinntektene. Vi er positive til at de legg denne målsetjinga til grunn. Vi vurderer det som realistisk at kommunen når målsetjinga innan nokre få år.

Det er viktig å unngå at lånegjelda aukar i åra framover. Lånegjelda bør vere på eit stabilt nivå eller gå noko ned, i samsvar med det kommunen har vedteke i økonomiplanen.

Det er viktig at kommunen reelt oppnår netto driftsoverskot på det nivået som er lagt til grunn i økonomiplanen slik at det kan setjast av midlar til disposisjonsfond og investeringsfond. Disposisjonsfondet bør bli opparbeidd til eit høgare nivå.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Budsjett 2020



Kommunen har budsjettert med kr 1126,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2020.

Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 2160,4 mill. Det er stor uvisse knytt til inntektsutviklinga i år på bakgrunn av utbrotet av koronaviruset. Den siste inntektsprognosene er på kr 2154,3 mill., medrekna statleg kompensasjon på rammetilskotet etter virusutbrotet.

Det er vedteke eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c for eigedomsskatteåret 2020. Skattesatsen er sju promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, fem promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og fire promille for skatteobjekt i gamle Sund kommune. Det er vedteke eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova.

Sund kommune hadde eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar til og med 2019. Denne delen av eigedomsskatten blir ikkje vidareført i den nye kommunen.

Innkomen eigedomsskatt i 2019 var i kommunane Fjell, Sund og Øygarden til saman kr 170,9 mill. Budsjettet eigedomsskatt for 2020 er kr 158,1 mill. Reduksjonen i eigedomsskatt frå 2019 til 2020 skuldast i hovudsak at eigedomsskatt for bustader og fritidseigedomar ikkje er vidareført frå tidlegare Sund kommune inn i den nye kommunen.

Det er budsjettert med utbytte på kr 21,1 mill. Dette er samla utbytte frå BKK og BIR. Øygarden kommune sin eigardel av aksjane i BKK vil vere 2,02 prosent.

Det er budsjettert med kr 40,0 mill. i utbetaling frå havbruksfondet. Det ligg ikkje føre opplysningar som gir grunnlag for å inntektsføre ei så stor inntekt frå havbruksfondet i budsjettet for i år.

Det er innarbeidd ein statleg kompensasjon på kr 9,6 mill. i budsjettet som følgje av reduksjon i inntektsutjamninga etter kommunesamslåinga. Inntektsutjamninga blir redusert som følgje av at dei tidlegare kommunane Sund og Øygarden hadde eit ordinært skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Den faktiske kompensasjonen med skjønsttilskot er kr 2,0 mill. i år, det vil sie betydeleg mindre enn kr 9,6 mill.

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Etter kommunelova paragraf 14-18 skal lån til investeringar bli nedbetalt med årlege avdrag. Avdraga skal samla kvart år vere minst lik storleiken på kommunen sine avskrivningar i rekneskapsåret, justert for den prosentdelen som lånegjelda utgjer av kommunen sine anleggsmidlar.

Det er budsjettert med kr 110,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga oppfyller kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova.

I rekneskapen for 2019 for dei tre tidlegare kommunane var det følgjande netto driftsunderskot:

Fjell kommune,	- kr 94,7 mill.
Sund kommune,	- kr 10,8 mill.
Øygarden kommune,	- kr 39,9 mill.



I beløpet for netto driftsunderskot for Fjell kommune inngår bruk av midlar frå staten til etableringa av den nye kommunen. Korrigert for dette var netto driftsunderskot i 2019 - kr 72,4 mill. Kommunen hadde eit betydeleg meirforbruk før inngangen til den nye kommunen, også etter den nemnde korrigeringa.

For tidlegare Øygarden kommune har det negative resultatet i 2019 samanheng med at fleire store prosjekt vart ført i driftsbudsjettet i det året. Dette var i stor grad eingongsutgifter som ikkje blir vidareført i fleire år.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet for 2020 med kr 41,4 mill. Dette utgjer 1,4 prosent av driftsinntektene. Dette er planlagt sett av til styrking av disposisjonsfondet.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen sin kommentar

Det er uvisst om netto driftsoverskot i budsjett 2020 er realistisk. Det skuldast blant anna uvisse knytt til om budsjettet utbetaling frå havbruksfondet blir så stor som budsjettet. Dessutan er den statlege kompensasjonen med skjønstillskot knytt til inntektstap etter kommunesamanslåinga vesentleg lågare enn budsjettet.

Det er sannsynleg at det betydelege meirforbruket i tidlegare Fjell kommune delvis vil bli drege inn i den nye kommunen. Det er gjennomført tiltak for å redusere driftsutgiftene som delvis vil ha effekt i 2020. Tiltaka vil få større effekt i 2021 som følge av heilårsverknader. Det er nødvendig at tiltaka gir vesentleg innsparing.

Investeringsbudsjettet 2020

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 218,9 mill. Dei største investeringane er i barnehage Spildepollen, Hjeltefjorden symjehall og vegkrysset Kryss Arseta sør m.m. Investeringane er for ei stor del planlagt finansierte med bruk av lån, kr 135,8 mill. Investeringane er elles planlagt finansierte med momskompensasjon og statleg investeringstilskot.

Eigenkapitalinnskot i KLP, kr 36,0 mill., blir finansiert med inntekter frå realisering av Fjell kommunale pensjonskasse og bruk av investeringsfond.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden hadde følgjande langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019:

Fjell kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 2253,9 mill.
-målt per innbyggjar	kr 86.140,-
-målt i prosent av driftsinntektene	121,1 prosent

Sund kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 828,9 mill.
-målt per innbyggjar	kr 117.379,-
-målt i prosent av driftsinntektene	149,1 prosent



Øygarden kommune

Brutto langsiktig lånegjeld	kr 660,6 mill.
-målt per innbyggjar	kr 135.114,-
-målt i prosent av driftsinntektene	105,9 prosent

Samla brutto langsiktig lånegjeld for dei tre kommunane var difor om lag kr 3,7 mrd. ved utgangen av 2019. Pensjonsforplikting er ikkje rekna med i beløpa for lånegjeld i dette brevet.

Den nye kommunen hadde per 01.01.2020 ei lånegjeld på kr 3,13 mrd. Beløpet er korrigert frå samla lånegjeld ved utgangen av 2019 med den gjelda som er overført til ØyVAR AS og Øygarden Bustadutvikling KF.

På grunnlag av planlagde investeringar i økonomiplanperioden, er det rekna med at lånegjelta kjem til å vere på eit stabilt nivå i heile planperioden til og med 2023. Brutto lånegjeld vil bli redusert frå i overkant av kr 3,1 mrd. til i underkant av kr 3,0 mrd. ved utgangen av 2023 på grunnlag av økonomiplanen.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har som ein handlingsregel ei målsetjing om at lånegjelta ikkje skal overstige 100 prosent av driftsinntektene. Vi er positive til at kommunen legg denne målsetjinga til grunn. Vi vurderer det som realistisk å kunne nå målsetjinga innan nokre få år.

Det er viktig å unngå at kommunen si lånegjeld aukar i åra framover. Lånegjelta bør vere på eit stabilt nivå eller gå noko ned, i samsvar med det kommunen har vedteke i økonomiplanen.

Investeringane bør ikkje vere større enn at kommunen unngår å ta opp større lån enn det som blir betalt i årlege avdrag. Kommunen vil i 2023 kunne nå målsetjinga om at lånegjelta ikkje skal utgjere meir enn 100 prosent av driftsinntektene. For å nå denne målsetjinga er det nødvendig at kommunen avgrensar nye låneopptak i samsvar med vedteken økonomiplan.

Økonomiplan 2020 - 2023

I økonomiplanen er det lagt opp til netto driftsoverskot kvart år til og med 2023. Netto driftsoverskot i 2020 i økonomiplanen utgjer 1,4 prosent av driftsinntektene. I åra frå 2021 til 2023 utgjer netto driftsoverskot i økonomiplanen om lag 2,9 prosent årleg.

Dei tre tidlegare kommunane hadde følgjande disposisjonsfond ved utgangen av 2019:

Fjell kommune,	kr 55,8 mill.
Sund kommune,	kr 59,6 mill.
Øygarden kommune,	kr 42,3 mill.

Fjell kommune hadde eit oppsamla meirforbruk i rekneskapen ved utgangen av 2019 på kr 47,3 mill. Kommunestyret i nye Øygarden kommune har i møte 18.juni d.å. gjort vedtak om å dekke inn dette meirforbruket med bruk av disposisjonsfond. Etter dette er det berre att kr 8 ½ mill. av den delen av disposisjonsfondet som kjem frå Fjell kommune.



Samla disposisjonsfond etter sistnemnde inndekning kan reknast til kr 110,4 mill. for den nye kommunen. Det utgjer om lag 3,6 prosent av driftsinntektene i 2019.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har som ein handlingsregel ei målsetjing om at netto driftsoverskot skal vere minst 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.

Det er viktig at kommunen reelt oppnår netto driftsoverskot på det nivået som er lagt til grunn i økonomiplanen, i samsvar med nemnde handlingsregel, slik at det kan setjast av midlar til disposisjonsfond og investeringsfond.

Kommunen har som ein handlingsregel ei målsetjing om at disposisjonsfondet skal vere minst fem prosent av driftsinntektene. Noverande disposisjonsfond er mindre enn dette. Vår vurdering er at kommunen sitt disposisjonsfond bør vere større enn fem prosent av driftsinntektene.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent